

Luster Jakt og Fiskelag
6868 Gaupne

11.07.2023

NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Krav om revisjon av konsesjonsvilkåra i Jostedalsvassdraget

I følge «Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer» utgjeve av det Kongelige Olje- og Energidepartement vart det åpna for å revidere konsesjonsvilkåra i Jostedalsvassdraget frå 2022.

I rapport 49/2013 frå Miljødirektoratet «Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022- Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering» har Jostedøla prioritet 1.1 «*Vassdrag med stort potensial for forbedring av viktige miljøverdier, og med antatt lite eller moderat krafttap i forhold til forventet miljøgevinst.*»

Luster Kommune ynskjer ikkje ta initiativ til revisjon av konsesjonsvilkåra.

Luster Jakt og fiskelag lokalt er tilknytta Norges Jeger- og Fiskerforbund som sitt formål er: *å ivareta muligheter for å utøve jakt, fiske og friluftsliv i all framtid.*

Luster Jakt og fiskelag krev med dette revisjon av konsesjonsvilkåra i Jostedalsvassdraget.

Elveigarane på den anadrome strekninga(14 km) av elvi stiller seg bak dette kravet:

Røneid grunneigarlag v/ Kjell Arne Stegegjerdet

Gaupne grunneigarlag v/ Kurt Magne Fardal

Leirmo gard v/ Marit Sølvi Toppe

Alsmo gard v/ Kjetil Ruud

Sjå vedlagt argumentasjon for oppstart revisjon av konsesjonen.

Mvh
For Luster Jakt og Fiskelag
Stig Omar Eide, Leiar i fiskeutvalget